

**NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 1/2018, 19.01.2018****"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)****Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)****PÅMINNING: INTERNASJONAL DAG ONSDAG 7. FEBRUAR**

Alle tilsette og studentar vert oppmoda til å kome på Internasjonal dag onsdag 7. februar 11:00-14:30 i BK-kantina. Som vanleg vert det eit variert program spekka med musikk, fargerike stands, interessante gjestetalarar og gratis lunsj (13:15) i BK-kantina. Internasjonal dag blir arrangert kvart år for å synleggjere internasjonalisering ved høgskulen, informere om utveksling og styrke partnarskap med universitet i heile verda. I år kjem det gjestar frå partnaruniversitet i Russland, USA, Storbritannia, Moldova, Danmark, Nederland, Tsjekkia og andre land. I tillegg vil dei internasjonale studentane presentere sine heimeuniversitet og heimland og servere smakebitar av sine nasjonalrettar. Du kan altså gløyme matpakke den dagen!

**NY KUNNSKAPSMINISTER: BLIR DET ENDRINGAR I FORSKINGSPOLITIKKEN?**

Vi gratulerer nye kunnskapsministeren Iselin Nybø med ministerpost for "Forsking og høgare utdanning", og vi ønskjer ho lukke til. Ho har alt fått invitasjon om å kome på besøk til Høgskulen i Volda. I den politiske plattforma til trepartiregjeringa er det vanskeleg å sjå at vi kan vente store endringar for universitet og høgskular. Det vil truleg bety at vi også dei neste fire åra kan rekne med at politikken blir vidareført og at sektoren og kunnskapssamfunnet framleis vil bli satsa på. Omleggingane i retning av auka konkurranse internt i sektoren vil også halde fram. Livslang læring er eit eige punkt i den politiske plattforma, og her blir det varsla ein kompetansereform. Regjeringa har 3-4 år på å gjennomføre dei mange tiltaka, så tida vil vise kva Nybø vil prioritere av dei mange tiltaka som er nemnt - og ikkje minst må Røe Isaksens mange prosessar også fullførast. Dagen før han gjekk av som kunnskapsminister sa Torbjørn Røe Isaksen at det vil kome ein gjennomgang av lover og styringsverk for vår sektor. Heile regjeringserklæringa kan du lese blant anna her:

<https://www.venstre.no/assets/v-h-frp-politisk-plattform-2018.pdf>

**REGJERINGSERKLÆRINGA, KULTUR: STØTTE TIL DIGITALISERING AV NORSK ORDBOK – OG SIDEMÅL?**

I den politiske plattforma til den nye regjeringa kan ein lese at under kulturpolitikk så vil regjeringa "jobbe videre med digitalisering av de store ordbokprosjektene." Der står også at regjeringa vil vurdere tiltak for å styrke hovud- og sidemålsopplæring for tidlege alderstrinn."

**STYREMØTE 1/2018 25. JANUAR 2018**

Høgskulestyret har sitt første møte for 2018 torsdag 25. januar og det blir halde i Kaarstadhuset, rom 104 der styremøta har vorte halde i det siste. Møtet vil bli overført på video, så sant det er praktisk muleg. Styresakene er tilgjengelege på nettsidene. Merk at du kan laste ned både einskildsaker eller den komplette innkallinga til møtet med alle sakspapira:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

**STYREMØTET: AVSETNINGANE AUKA OGSÅ I 2017**

Høgskulen i Volda hadde 31.12.2017 samla avsetningar knytt til ordinær drift på ca kr 44 mill.

Det syner det førebelse rekneskapoversynet for 2017. Avsetningane har auka frå kr 38 mill i 2016. Styret skal drøfte avsetningane i marsmøtet. Store og aukande avsetningar har vore ein

Postboks 500

Besøksadresse

postmottak@hivolda.no

6101 Volda

Joplassvegen 11

hivolda.no

tlf. 70 07 50 00

6103 Volda

tendens i heile høgskule- og universitetssektoren dei siste åra, og Høgskulen i Volda har vore blant høgskulane med største avsetningar målt i prosent av budsjettet. Men Høgskulen i Volda står også overfor store investeringar i åra som kjem. Alle avdelingane har no avsetningar. Avdeling for samfunnsfag og historie har dei største avsetningane, men er også den einaste avdelinga som i 2017 reduserte avsetningane.

#### **STYREMØTET: TILDELINGSBREV FOR 2018 - AUKE PÅ KR 300.000**

I Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev til Høgskulen i Volda for 2018 går det fram at departementet har trekt inn 0,7 prosent av budsjettet i "tiltak for avbyråkratisering og effektivisering", men har også auka basisløyvinga til høgskulen med knapt 1,0 mill. Totalt utgjer dette ein auke i budsjettet på omlag kr 300.000. Den samla løyvinga frå Kunnskapsdepartementet til Høgskulen i Volda er for 2018 på ca kr 355 mill.

#### **STYREMØTET: ÅRSRAPPORT FOR STUDIEKVALITET**

Høgskulens årsrapport for studiekvalitet vert lagt fram for styremøtet. Blant måla for vidare arbeid er å nytte resultata frå Studiebarometeret aktivt i kvalitetsutviklinga og å styrke studentmedverknaden i kvalitetsarbeidet.

#### **STYREMØTET: AKTUELLE TEMA FOR UTVIKLINGSAVTALE MED KUNNSKAPSDEPARTEMENTET**

Alle statlege høgskular og universitet skal i løpet av 2018 inngå avtale med Kunnskapsdepartementet om ein utviklingsavtale der 3-4 aktuelle strategiske spørsmål skal løftast fram og særleg arbeidast med. Departementets kriterier er at spørsmåla både skal vere viktige og vanskelege for institusjonen. I saksutgreiinga til styret vert følgjande 6 tema foreslått: GLU, mediefaga, Future skills, campusutvikling, masterutdanningane og toppkompetanse. Det vert lagt opp til at styret vel blant desse 6 og at på neste styremøte vert det diskutert korleis høgskulen vil foreslå at ein skal måle utvikling på aktuelle tema. Desse måla vil bli drøfta internt før dei blir lagt fram på neste styremøte. Kunnskapsdepartementet har kalla høgskulen ved styret inn til eit eige etatstyringsmøte om utviklingsavtale 14. mai 2018. Førsetnaden for heile avtalen er at departementet og høgskulen skal bli samde om utviklingsavtalen, og utviklingsavtalen blir ein del av departementets tildelingsbrev for 2019.

#### **STYREMØTET: STATUS PÅ BYGGEPLANAR**

I styresaka "Status campusutvikling" får styret også orientering om status i planlegginga av "Sivert", og konsekvensar nybygget får for andre delar av høgskuleområdet. Avdeling for mediefag har anslått at det trengst inventar og utstyr på rundt 25 millionar kroner i det nye huset. Store delar av dette må høgskulen betale sjølv, sidan prosjektet er eit såkalla kurantprosjekt og høgskulen difor dekkjer kostnadene over eige budsjett. Når Avdeling for mediefag flyttar ut av Hans Strøm-huset må det byggast om, og dagens redaksjonslokale skal byggast om til undervisningsrom. I tillegg skal Strøm få ny ventilasjon og det må også takast ein del etterslep på vedlikehald.

#### **STYREMØTET: NY CAMPUSUTVIKLINGSPLAN?**

I 2015 vart den første campusutviklingsplanen for Høgskulen i Volda lagt fram. Sidan då har det skjedd mykje på og ved høgskuleområdet og det skjer også mykje planarbeid i andre delar av Volda sentrum: Planar for Volda campus arena, ny voldatunnell, ny Øyra skule, 120 nye studentbustader på Heltne, planar for Kunnskapspark og anna. Høgskuledirektøren foreslår

difor at det vert starta arbeid med å lage ein ny campusutviklingsplan. Sjå også blogginnlegg frå rektor:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2017/03/03/milliardutbygging-pa-og-ved-hogskulen-i-volda/>

### **STYREMØTET: ERFARINGSBASERTE MASTER I SAMFUNNSPLANLEGGING OG LEIING**

Høgskulen i Volda kan hausten 2018 få sin første erfaringsbaserte master, og det blir i samfunnsplanlegging og leiing. Ein erfaringsbasert master går over 1,5 år på fulltid, og krev at studentane har minst fem års relevant yrkespraksis før dei tek til på masteren. Dette konkrete studietilbodet vert planlagt som deltidsstudium, altså at det strekkjer seg over 3 år. Alle dei andre masterstudia ved høgskulen går over to år på fulltid, men det viser seg at dei fleste studentar tek masteremne ved sidan av jobb. Studentane har dermed ikkje same framdrift som fulltidssstudentar. Ein erfaringsbasert master vil kunne gjere det lettare for fleire å gjennomføre master ved sidan av full jobb, ikkje minst fordi krava til masteroppgåva blir redusert samanlikna med fulltidsmaster. Ein erfaringsbasert master er i dei fleste samanhengar likestilt med ein toårig master. Om høgskulestyret sluttar seg til planane vil høgskulen søkje NOKUT om akkreditering av det nye masterstudiet.

### **EKSTERN VURDERING AV STUDIEPORTEFØLJEN**

Høgskulen i Volda er i ferd med å lyse ut på anbud eit prosjekt om vurdering av studieporteføljen. Høgskulen i Volda har eitt doktogradsstudium, 6-8 masterutdanninger, nærmare 20 bachelorstudium og mange eittårige studium og einskildemne som både inngår i dei aktuelle gradene og kan takast som frittståande emne. Høgskulestyret har bestemt at det samla studietilbodet bør evaluerast av eit firma utanfor høgskulen, og studietilbod og fagmiljø skal då vurderast ut frå strategiske perspektiv, etterspurnad, økonomi og fagmiljø. Vurderinga skal gjerast våren 2018.

### **PASS PÅ: PIRATTIDSSKRIFT OG - KONFERANSAR FLORERER "We are very interested in your research field"**

Tilsette på HVO får stadig vekk invitasjonar om å delta i Fri tilgang (Open access) tidsskrift og på konferansar i fjerne land, men det er slett ikkje alle tidsskrift som er akkrediterte på nivå 1 eller 2, og slett ikkje alle konferansar som er seriøse. Ein måte å sjekke om konferansar er seriøse på kan vere å ta direkte kontakt med hovudtalarar (keynote-speakers) som står oppgitt på konferancesidene - det er ikkje alltid dei er klar over at dei blir brukte som trekkplaster. For publiseringaskanalar er det NSDs register over vitskaplege publiseringaskanalar som tel.

Førsteamanensis Stig Helset ved AHL fekk invitasjon frå "US-China Foreign Language and Sino-US English Teaching" som titulerte seg som "professional journals" og agnet var: "We have learnt the

abstract named: Norm og røyndom – ein statistisk studie av operative normer i nynorsk at "17. mote om norsk språk (MONS 17)". We are very interested in your research field." Helset valde eit anna tidsskrift.

Utgjevar av dei aktuelle tidsskrifta var David Publishing Company, som mange nettsider har åtvaringar mot. I NSDs register står det litt om utgjevaren - og dei mange nullane er det viktigaste:

<https://dbh.nsd.uib.no/publiseringaskanaler/KanalForlagInfo.action?id=21354>

### **OPPRYKKSMARKERING I 2019**



Tilsette som oppnår faglege opprykk til førstekompetanse eller toppkomeptanse (dosent eller professor) vert gjort stas på med ein festmiddag. Neste opprykksmarkering blir for åra 2016, 2017 og 2018 og vil bli arrangert på Rekkedal gjestehus januar/februar 2019.

## FORSKINGSSJEF: NY UTLYSING

Det hadde meldt seg to søkerar til den nye stillinga som forskingssjef. Tilsettingsutvalet for fagleg tilsette valde å lyse ut stillinga på nytt. Det blir arbeidd med å finne ei mellombels løysing før forskingssjef kjem på plass. Dette er ein funksjon som Ola Teige har hatt dei to siste åra som leiar for kontor for samfunnskontakt.

## INGEN NYE STUDIEPLASSAR I IKT

Høgskulen i Volda fekk ingen nye studieplassar innan IKT i tildelinga som vart gjort ved årsskiftet. HVO hadde søkt om studieplassar innanfor IKT i skulen.

## PÅMINNING: FJORDKONFERANSEN 2018 I ÅLESUND - FRIST FOR SAMANDRAG 15. FEBRUAR 2018

Frist for å melde på samandrag (abstract) til konferansen er 15. februar 2018. Meir informasjon om konferansen og krav til samandrag og innlegg finn ein på nettsidene til konferansen: [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

## MØTE- OG ANDRE AKTIVITETAR VINTEREN 2017/2018

På dei nye nettsidene er kalenderfunksjonen framleis under utvikling. Pr i dag er det ingen enkel måte å bla seg framover i kalenderen på, så det er ikkje så lett å få god oversikt over ting som skjer. Det blir arbeidd for å kome med ei betre løysing. Det er fint om dei som står bak arrangement gir beskjed til rektor om arrangement som kan kome inn på lista nedanfor i framtidige nyhendebrev.

- 16.01.2018: Kontaktkonferanse, Kunnskapsdepartementet.
- 17.01.2018: Utviklingsavtalar: Halvdagsseminar, Kunnskapsdepartementet
- 25.01.2018: Styremøte 1/2018, HVO.
- 25. og 26.1.2018: Fagdag i geriatri: Personsentrert omsorg, samtykkevurdering og underernærings i demensomsorga. Samarbeid mellom Høgskulen i Volda/Avdeling for samfunnsfag og historie, Sjustjerna Helse- og omsorg og Volda sjukehus.  
[www.hivolda.no/geriatrifagdag](http://www.hivolda.no/geriatrifagdag)
- 30.01.2018: HMS-dag: Arbeidsmiljø, konflikthandtering og rolleforståing
- 07.02.2018: Internasjonal dag, HVO.
- 14.02.2018: Presentasjon og diskusjon av rapport frå arbeidsgruppe for budsjettmodell (Rapport skal vere ferdig 1.2. AHL er teknisk arrangør)
- 21.02.2018: UiB rektoratet på besök til HVO.
- 28.02.2018: Seminar i regi av arbeidsgruppa for avdelingsstruktur.
- 08.03.2018: Styremøte 2/2018, HVO.
- 14.03.2018: Presentasjon og diskusjon av resultat frå Studiebarometeret 2017 (Dato kan bli endra. AKF er teknisk arrangør)
- 21.-22.3.2018: Solstrandkonferansen, Os.
- 19.4.2018: Skuleleiarkonferansen TRYGG SKOLE vert arrangert i samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal

fylkeskommune, Skolelederforbundet, Utdanningsforbundet og KS. Konferansen vert arrangert på Parken hotell i Ålesund. [www.hivolda.no/skolelederkonferansen2018](http://www.hivolda.no/skolelederkonferansen2018)

- 26.04.2018: Styremøte 3/2018, HVO.
- 14.05.2018: Etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet om utviklingsavtale for HVO for 2019-2021.
- 23.05.2018: Miniseminar om HVO-historia. Forskinsstatus og forskingsbehov (Dato kan bli endra. ASH er teknisk arrangør)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## REKTORBLOGGEN:

<https://blogg.hivolda.no/jr>

[Nes utan høgskule?](#) (16. januar 2018)

Vi har fått færre institusjonar i høgre utdanning - men har antakelig like mange studieSTADER som før.

[2017 er forbi. Kva har skjedd? Kva skjer i 2018?](#) (20. desember 2017)

Oppsummering av 2017 og blikk mot ting som vil skje i 2018.